

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/79/03

av 29. april 2013

om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til godkjenning av nasjonale tiltak for å hindre at østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar) vert innført til visse område av Irland og Det sameinte kongeriket*[meld under nummeret K(2013) 2381]*

(2013/213/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2006/88/EF av 24. oktober 2006 om helse- og hygienekrav til akvakulturdyr og -produkter og om forebygging og bekjempelse av visse sykdommer hos vanndyr⁽¹⁾, særleg artikkel 43 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter kommisjonsavgjerd 2010/221/EU av 15. april 2010 om godkjenning av nasjonale tiltak for avgrensing av verknaden av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr og viltlevande vassdyr i samsvar med artikkel 43 i rådsdirektiv 2006/88/EF⁽²⁾ kan visse medlemsstatar nytte restriksjonar på sendingar med vassdyr som vert bringa i omsetning eller importerte, for å unngå at visse sjukdommar vert innførte til territoriet deira.
- 2) Medlemsstatane kan nytte slike restriksjonar på det vilkåret at dei anten har prova at territoriet deira eller visse avgrensa område av territoriet deira er frie for slike sjukdommar, eller at dei har innført eit utryddingsprogram for å oppnå dette.
- 3) Restriksjonane på østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar) som er fastsette i avgjerd 2010/221/EU, skulle nyttast berre fram til 30. april 2013. OsHV-1 µvar er ein

ny sjukdom som det framleis er mykje uvisse om, og overvakingsprogramma som vart godkjende ved den nemnde avgjerda, er enno ikkje vortne vurderte fullt ut. Fristen som medlemsstatane har til å innføre særlege restriksjonar på denne sjukdommen, bør difor lengjast med eitt år.

- 4) Avgjerd 2010/221/EU bør difor endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 3a nr. 2 i avgjerd 2010/221/EU vert datoen «30. april 2013» bytt ut med «30. april 2014».

Artikkel 2

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. mai 2013.

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 29. april 2013.

For Kommisjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 120 av 1.5.2013, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 215/2013 av 13. desember 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasemitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 22.5.2014, s. 4.

⁽¹⁾ TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

⁽²⁾ TEU L 98 av 20.4.2010, s. 7.